



DEN NORSKE KYRKJA

## No er rapporten om kyrkjeleg organisering sendt på høyring

Rapporten om kyrkjeleg organisering er sendt på høyring til kyrkjelege høyringsinstansar, mellom anna sokneråd og kyrkjelege fellestråd. Svarfrist er 1. desember.

Sidan 2005 har Kyrkjemøtet i Den norske kyrkja hatt som mål å samle arbeidsgjevaransvaret for alle som jobbar lokalt i kyrkja. I mars 2021 leverte Müller-Nilssen-utvalet si utgreiing om korleis dette kan sjå ut med ei organisering på prostnivå. Ei organisering på dette nivået er ikkje blitt handsama tidlegare, og difor bad Kyrkjerådet om ei utgreiing av dette nivået.

Organisering på prostnivå er no utgreidd. Det som her skal høyrast, er om dette er modellar som kan nyttast for å teikne ut ei ny kyrkjeleg organisering av Den norske kyrkja. Kyrkjerådet sender difor rapporten på høyring for å få tilbakemelding på dei ulike forslaga og modellane som Müller-Nilssen-utvalet gjer greie for. I høyringsnotatet blir hovudlinene i utvalet sin rapport presentert, med tilhøyrande høyringsspørsmål.

Det er laga ei informasjonsside om rapporten, som du finn på [kyrkja.no/kirkeligorganisering](https://kyrkja.no/kirkeligorganisering). Der finn du mellom anna ein informasjonsside, svar på ofte stilte spørsmål og meir informasjon.

Sjølve høyringa finn du på [kyrkja.no/hoeringer](https://kyrkja.no/hoeringer).

Kommunar og andre offentlege høyringsinstansar får ei avgrensa høyring med frist 15. oktober.

[Her finn du høyringa](#)



## Kyrkja får 18 millionar for å styrke frivillig arbeid

Det er regjeringa som måndag morgon offentliggjorde tildelinga. Kyrkjerådet jobbar no med korleis midlane skal fordelast til lokalkyrkja. Det kjem meir informasjon når dette er klart.

[Les meir her](#)



## Smittevernrettleiaren oppdaterast

Noreg er no på trinn tre i gjenåpningsplanen. Det vil seie fleire deltakarar på arrangement og ny informasjon om koronasertifikat. Smittevernrettleiaren oppdaterast og vert tilgjengeleg snart på [kyrkja.no/korona](https://kyrkja.no/korona).

[Les om dei viktigaste endringane](#)



## 22. juli er ein måned unna

Har din kyrkjelyd planlagt markeringa? Kyrkjerådet og Bispemøtet oppmodar til klokkeringing og open kyrkje. Det finns òg ein ny liturgi for minnegudsteneste.

[Her finn du ressursar](#)

## Drivkraft

TROSOPPLÆRINGSKONFERANSEN 2021

## Drivkraft er tema for Trusopplæringskonferansen

Hald av datoen 20.oktober. Då blir det digital trusopplæringskonferanse. Programmet har eit tverrfagleg fokus, som vil passe godt for ei samling med felles inspirasjon for heile staben og for frivillige i kyrkjelyden. Påmeldinga, med gode rabatter, har starta. Dei påmeldte får tilgang til å sjå innhaldet fram til 20.januar 2022.

[Meld deg på](#)



## 2,9 rekrutterings-millionar til kyrkjelydar

Kyrkjerådet lyste ut midlar til rekruttering tidlegare i vår, og desse er no delt ut. Føremålet med pengane er å stimulere kyrkjelydar til å ta del i rekrutteringsarbeidet til kyrkjelege stillingar i sitt nærområde.

[Les meir om pengane](#)



## Evaluering av arbeidstidsavtalen

I april og mai vart det gjennomført ei spørjeundersøking mellom prestar og prostar i Den norske kyrkja for å evaluere arbeidstidsavtalen. 74 % av prestar og 89 % av inviterte prostar svarte på undersøkinga.

[Les meir her](#)

# Webinar og frukostmøte



Gjennom vårhalvåret har Kyrkjerådet invitert til vekentlege webinar. Dei fleste kan sjåast i opptak når du vil. Du finn ei fullstendig oversikt i Ressursbanken.

[Webinaroversikt i Ressursbanken](#)

## Fekk du med deg desse sakene?



### Støtte til utsmykking av kyrkja

Treng kyrkja di ny altertavle eller frescomåleri? No kan kyrkjelyden søke støtte frå legatet etter Marie Andresen født Heyerdahl til utsmykking av kyrkja.

[Les meir her](#)



### Kyrkja på Olavsfest

Årets Olavsfest har temaet "Rettferd". I kyrkehagen kan du sjå tankevekkande seminar og gode samtalar.

[Les meir her](#)



### Konfirmantleir på Solgården 2022

Eit tilbod for konfirmantar som treng tilrettelegging.

[Les meir her](#)

Nyheitsbrevet vert sendt til tilsette, frivillige, folkevalde og andre interesserte i Den norske kyrkja. Har du fått det videresendt kan du [melde deg på nyheitsbrevet i dette skjemaet](#).

Vil du melde deg av? [Trykk her](#)



DEN NORSKE KYRKJA

---

[krpostmottak@kyrkja.no](mailto:krpostmottak@kyrkja.no)